



Einar Fanebust
Bispieluelia 9A
1286 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/150 - 15/1239

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
20.01.2015

Gbnr 106/2 løyve til å dele frå tomt for naust.

Eigedom: Gnr.106 bnr.2 Fanebust
Adresse for eiged.: Fonnebostvegen, 5955 Lindås
Type tiltak: Deling av grunneigedom, parsell til naust
Heimelshavar: Einar Fanebust
Søker: Einar Fanebust

Saka gjeld:

Søker eig gnr.106 bnr.2. Denne eigdommen har parsell for naust ved kaien på Fanebust.
Det vert søkt om løyve til å dele frå parsellen på om lag 200m². Det er eigaren sjølv som skal ha parsellen.

Plansituasjon/dispensasjonar:

Parsellen ligg i eit område som i gjeldande plan er sett av til føremålet AN8.
Dispensasjon for deling er ikkje naudsynt.
Gnr. 106 bnr.2 er ein skog og utmarkseigedom. Deling slik det er søkt om må vurderast i høve til jordlova §12.

Tilkomst:

Parsellen har tilkomst frå privat gangveg.
I samband med deling må eventuelle rettar som 106/2 har til denne gangvegen overførast til den frådeltte parsellen.

Vassforsyning og avløp:

Det gjeld parsell for naust, avløp og vassforsyning er ikkje aktuelt.

Sidan tiltaket ligg i eit område som er sett av til føremålet i gjeldande plan, er det ikkje naudsynt å sende saka til overordna mynde for uttale.

Eigdommen 106/2 har lang sjøline og det er heller ikkje naudsynt å sende saka til landbruksstyresmaktene i samband med vurdering etter jordlova.



Landbruksfagleg vurdering:Om eigedommen gnr.106 bnr.2:

Samla areal for eigedommen er 339,6da. Av dette er 188,1da skog av høg bonitet. Resten er uproduktiv skog, myr og ope grunnlendt fastmark. Sjølv om boniteten er god på delar av arealet, er det likevel ikkje mykje drivverdig skog.

Eigedommen er nytta til fritid. Det står fritidsbustad av ny dato og garasje på eigedommen. Det er lang sjøline med fine vikar og nes.

Jordlova §12:

Deling av eigedom som kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Dyrka eller dyrkbar mark må ikkje nyttast slik at areala ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. Ved vurdering skal ein legge vekt på bruksstruktur, driftstilhøve, ulemper for landbruket i området.

Det gjeld frådeling av areal til naust. Arealet ligg i område som er sett av til føremålet. Grunnen til at deling må vurderast i høve til jordlova, er at høvet til å bygge naust vert vurdert som eit gode som bør følgje landbrukseigedommen.

I det høvet som ligg føre her kan ein ikkje sjå at frådeling slik det er søkt om vil føre til ulemper for landbrukseigedommen. Dette skuldast at eigedommen for ein stor del er utmark og at det i tillegg til nausttomten som ligg i Vika, er lang standline til bruket. Det er såleis høve til å komme til sjø andre stader.

Deling fører ikkje til endring i bruksstrukturen, driftstilhøva, eller til ulemper for landbruket i området.

Deling vert tilrådd.

VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 200m² sjøtomt frå gnr.106 bnr.2 slik det er søkt om og synt på kart stempla motteke i kommunen 16.01.2015.

I samband med oppmåling av tomta, må parsellen sikrast rett til tilkomst-

Med heimel i jordlova §12 vert det gjeve løyve til å dele frå om lag 200m² sjøtomt, slik det er søkt om.

Delinga er i samsvar med etabler og godkjend bruk.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år frå løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealformål, området er uregulert	kr.6200,-
Deling etter jordlova	kr.2000,-
Sum	kr.8200,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Einar Fanebust

Bispieluelia 9A 1286

OSLO